



Nasjonale turistveger
Norwegian Scenic Routes



2021 | 2022
TURISTVEGARBEIDET



Statens vegvesen

3	Forord
4	Turistveganleggene 2021 - 2022
6	Turistvegkunst - tankevekkende verk i naturlige rammer
8	Fuglekikking, arkitektur, kunst, kultur, natur - en oppskrift for verdiskaping i Varanger
10	Nye Nasjonaleturistveger.no
12	Den politiske forankringa
14	Økonomi og framdrift
18	Plansituasjonen
20	Turistvegene - fleire enn dei 18?
22	Kunst langs Nasjonale turistveger
23	Turistvegkartet



Trælvikosen, Nasjonal turistveg Helgelandskysten. Arkitekt: Snøhetta. Foto: Lars Grimsby

Omslagsfoto: Ørahaugen, Nasjonal turistveg Havøysund. Foto: Frid-Jorunn Stabell

Forord

Nasjonale turistvegar har sidan 1994, som svar på oppmodinga frå Stortinget sin Samferdselskomité, blitt ein nasjonal turistattraksjon som freistar vegfarande turistar til Norgesferie og stimulerer til verdiskaping. Storting og regjeringar har i snart 30 år følgt opp og løyvd midlar til å utvikla så langt 165 prosjekt langs dei atten nøye utvalde vegane. Analysar utført av Menon Economics av bedrifter langs seks av strekningane har stadfesta at verdiskapinga skjer etter at viktige turistvegprosjekt er gjennomført.

Reiselivet er ei framtidsnæring som skal bidra til å sikra verdiskaping og arbeidsplassar i heile landet. Med Hurdalsplattforma har dagens regjering vore tydeleg på at ordninga med Nasjonale turistvegar skal vidareutviklast og satsinga aukast som eit ledd i å styrka reiselivet. Dette følgjer opp både kortsiktige og langsiktige mål i Nasjonal transportplan og Nasjonal reiselivsstrategi 2030.

I løpet av 2022 kjem det til 12 nye prosjekt, alt frå eit lite fuglekikkarskjul i kanten av Ishavet i Varanger og «stegasteinar» langs Helgelandskysten til «eventyrtoalett» og utsiktsplattform i Hardanger. Samtidig går arbeidet sin gang med å oppgradera dei nasjonale reiselivsikona Vøringsfossen og Gjende, slik dei også har satsa i andre land som New Zealand.

I 2021 blei installasjonen til den verdskjente amerikanske kunstnaren Roni Horn høgtideleg opna i Havøysund. Matias Faldbakken sin mosaikk langs Nasjonal turistveg Rondane blir det åttande kunstverket på internasjonalt nivå langs Nasjonale turistvegar, inspirert av satsinga i regi av Skulpturlandskap Nordland 1992 - 1998.

Både Samferdselsdepartementet og Stortinget sin transport- og kommunikasjonskomité framhevar betydninga av drift, vedlikehald, fornying og vidareutvikling. Dei statlege turistvegmidlane blir derfor også nytta til å fornya og oppgradera dei spesielle turistveginstallasjonane. Høge forventningar frå turistane skal oppfyllast når dei er på plassen og ikkje berre i bøker og sosiale media. Dei same forventningane gjeld også til drifta og det vedlikehaldet som dei mange vegeigarane skal gjennomføra og finansiera. Å sørgja for den gode kvaliteten og opplevinga på rasteplassar og utsiktspunkt er ikkje blitt mindre krevjande etter omorganiseringa av vegsektoren.

Nasjoaleturismer.no har blitt fornya med innhald som framhevar turistvegane sin komposisjon av nyskapande arkitektur og tankevekkande kunst i vakker natur. Planar for framtidige prosjekt skal inspirera den reiselystne til å planleggja for nye opplevingar. For andre reiselivs-fakta er visistnorway.com inngangsporten.

Ønskja om å bli Nasjonal turistveg nr. 19 blir stadig fleire. Nokre av dei er kjenningar frå dei krevjande prosessane den gongen dagens strekningar blei valde ut, andre er nye. Om ei utviding kan vera aktuelt, høyrer neste generasjon Nasjonal transportplan til. Inntil då, velkommen til stadig nye opplevingar langs 18 Nasjonale turistvegar.


Jan Andresen

Seksjonsleiar

Statens vegvesen, Nasjonale turistvegar



1



2



3



4



5

1. Ropeid, Ryfylke. Arkitekt: KAP - Kontor for Arkitektur og Plan. Foto: Frid-Jorunn Stabell
2. Hestad, Gaularfjellet. Arkitekt: Fortunen Arkitektur AS. Frid-Jorunn Stabell
3. Mortensnes, Varanger. Arkitekt: Inge Dahlmann - Asplan Viak. Foto: Fredrik Fløgstad.
4. Ørahaugen, Havøysund. Kunstner: Roni Horn. Arkitekt: Jensen & Skodvin Arkitektkontor. Foto: Frid-Jorunn Stabell
5. Trælvikosen, Helgelandskysten. Arkitekt: Snøhetta. Foto: Lars Grimsby

Turistveganleggene 2021-2022

2021 ble fire nye prosjekter fullført, med Roni Horns kunstverk i Jensen & Skodvins hus i Havøysund som det største. I løpet av 2022 skal 12 nye tiltak fullføres. Ytterligere fire prosjekter startes opp i 2022 og vil stå ferdige i 2023.

Arbeidet med Torghatten langs Helgelandskysten, ble påbegynt med rassikring i 2021 og fortsetter frem til 2024 med etablering av servicebygg, parkering og stisystem. For å ivareta Nasjonale turistveggers kvalitet og helhet som turistattraksjon, blir det i tillegg planlagt og gjennomført oppgraderinger og fornyinger av eldre prosjekter.

Det vil være 176 fullførte turistveggprosjekter ved utgangen av 2022. I tallet inngår de to første etappene i utviklingen av attraksjonen Vøringsfossen og den første etappen på Gjende.

Fullført i 2021:

Ropeid, Ryfylke

Rasteplass på nedlagt ferjeleie

Arkitekt: KAP - Kontor for Arkitektur og Plan

Hestad, Gaularfjellet

Toalett, utsiktsrampe og rast ved kulturminne

Arkitekt: Fortunen Arkitektur AS

Mortensnes/Ceavccageadgi, Varanger

Parkering, sti, landskapstiltak, informasjon

Landskapsarkitekt: Inge Dahlmann - Asplan Viak

Ørahaugen, Havøysund

Kunst i bygg

Kunstner: Roni Horn

Arkitekt: Jensen & Skodvin Arkitektkontor

FULLFØRES I 2022:

Tyrvefjæra, Hardanger

Toalett på rasteplass ved fjorden

Arkitekt: Helen & Hard

Trælvikosen, Helgelandskysten

Rasteplass med stegasteiner i fjæra, sti og utsiktspunkt

Arkitekt: Snøhetta

Espeneset, Hardanger

Rasteplass med toalett ved Sørfjorden

Arkitekt: Code arkitektur

Vøringsfossen, Hardangervidda

Fase 3 Fossetromma del 1:

Utsiktspunkt, stier og sikring

Arkitekt: Carl-Viggo Hølmebakk AS

Kjøllen, Rondane

Kunst på rasteplass

Kunstner: Matias Faldbakken

Fløsefossen, Ryfylke

Rasteplass med toalett

Arkitekt: Haugen/Zohar Arkitekter

Sundshopen, Helgelandskysten

Rasteplass med toalett og vorr

Arkitekt: Rever & Drage

Sluppen, Aurlandsfjellet

Parkering, rast og sti til foss

Arkitekt: Østengen og Bergo AS

Hamningberg, Varanger

Skjul ved molo. Rast, utsikt

Arkitekt: Biotope

Madland hamn, Jæren

Rasteplass med toalett og stormhytte

Arkitekt: Haugen/Zohar Arkitekter

Måbø bru, Hardangervidda

Rasteplass og fotopunkt

Arkitekt: 3RW

Brunstranda, Lofoten

Rast og toalett

Arkitekt: Studio Vatn &

Jørgen Tandberg Arkitektur

OPPSTART 2022:

Vøringsfossen,

Hardangervidda

Fase 3 Fossetromma del 2: Toalett, parkering, revegetering

Arkitekt: Carl-Viggo Hølmebakk AS

Gjende, Valdresflye

Fase 2: Kafe/servicebygg,

revegetering

Arkitekt: Knut Hjeltnes AS

Sjonfjellet, Helgelandskysten

Rast, utsikt og toalett

Arkitekt: Atelier Oslo

Hauklandstranda, Lofoten

Parkering, kafe og toalett

Arkitekt: Arne Henriksen

arkitekter AS

Torghatten, Helgelandskysten

Servicebygg, parkering, sti,

fjellsikring

Arkitekt: Atelier Oslo

Landskapsarkitekt: Østengen &

Bergo AS

Installasjonen "UNTITLED" ble etablert i Havøysund høsten 2021. Roni Horn har laget to like store glassobjekter, hver på 4,9 tonn, i et bygg tegnet av arkitekt Jan Olav Jensen. Foto: Frid-Jorunn Stabell



Knut Wolds steinskulptur på Meffjellet var det første kunstverket langs de nasjonale turistvegene. Sognefjellet 1997. Foto: Roger Ellingsen



«THE DAMNED, THE POSSESSED, AND THE BELOVED» består av en stol med gassflammer som speiles i syv ovale speil plassert i en sirkel rundt stolen. Verket er Louise Bourgeois' sterke bidrag til Steilneset minnested og de 91 ofrene for trolldomsforfølgelsene i Finnmark på 1600-tallet. Varanger 2011. Foto: Jarle Wæhler



«ROCK ON TOP OF ANOTHER ROCK» er kunstnerduoen Fischli og Weiss sin kommentar til fjellturistenes skikk med små varder i terrenget. En 93 tons stein er løftet opp på en annen stein. Valdresflye. 2012. Foto: Jarle Wæhler





Turistvegkunst - tankevekkende verk i naturlige rammer

I 2021 ble installasjonen til den amerikanske kunstneren Roni Horn høytidelig åpnet i Havøysund. Med Matias Faldbakkens verk i 2022 langs Nasjonal turistveg Rondane, vil i alt åtte turistvegstrækninger ha fått hvert sitt kunstverk på internasjonalt nivå.

Mens nyskapende og funksjonell arkitektur legger til rette for landskapsopplevelser, skal kunsten invitere til refleksjon, skape overraskelser og fortelle andre historier enn de åpenbare og synlige. Målet er ett kunstverk med internasjonal kvalitet på hver av de 18 strekningene. Tre av strekningene dekkes med verk etablert av Skulpturlandskap Nordland 1992 - 1998.

I Reiselivsprosjektet 1994 - 1997 skapte larvikittskulpturen på 42,3 tonn av Knut Wold, engasjerte overskrifter. Siden da er mangt et foto tatt av Smørstabbreen og Fanaråken med steinskulpturen og familien i forgrunnen. Støyen ble borte og kunsten et symbol for Nasjonal turistveg Sognefjellet - ikke ulikt det Skulpturlandskap Nordland opplevde i sin tid.

«Columna transatlantica» av Jan Freuchen langs Atlanterhavsvegen, og «Mirage» av Marianne Heier på Gaularfjellet ble høytidelig åpnet høsten 2016. Verkene utfordrer på hver sin måte tankene til undrende vegturister. Utenlandske anerkjente kunstnere har så langt levert den brennende stolen på Steilneset minnested i Varanger (Louise Bourgeois, 2011), bjørnen i hiet på Aurlandsfjellet (Mark Dion, 2012), steinen på steinen på Valdresflye (Fischli og Weiss, 2012) og glasskunsten i Havøysund (Roni Horn 2021).

Høsten 2022 kan den reisende langs Nasjonal turistveg Rondane oppdage mosaikkverket «Skyldner» på 13 x 20 meter. På utsiktsplassen Kjøllen vil Matias Faldbakken plassere om lag 26.000 stein på 10x10 cm hver i et verk inspirert av dekorativ mosaikk fra Italia.

En engasjert kunstkurator med et eget kunstråd som sparringpartner har sørget for turistvegkunst som på hver sin måte vekker oppsikt, men neppe likegyldighet. Dette arbeidet videreføres i årene framover, med Jæren som den neste.

(se også artikkel side 22)



«DEN» (Hiet) med en bjørn på et leie av gjenstander som representerer kulturhistorien. Aurlandsfjellet 2012. Foto: Roger Ellingsen



«COLUMN TRAN-SATLANTICA» av Jan Freuchen består av 40 marmorelementer «strandet» i en buktende og brutt linje i kanten av Atlanterhavet. Atlanterhavsvegen 2016. Foto: Roger Ellingsen



«MIRAGE» er et samarbeidsprosjekt med Unicef Norge. Marianne Heiers verk er ein serie på ti brønner hvor «moderbrønneren» er plassert ved det fuktige Gaularvassdraget, de ni andre brønnene i det tørre Malawi. Gaularfjellet 2016. Foto: Trine Kanter Zerwekh



På plassen Kjøllen i Rondane kommer Matias Faldbakkens mosaikkverk «Skyldner» på 13 x 20 meter. Rondane 2022. Illustrasjon: Matias Faldbakken



Fuglekikking, arkitektur, kunst, kultur, natur - en oppskrift for verdiskaping i Varanger

Blant fuglekikkere regnes Varanger som et av verdens desidert beste steder å skue sjelden fugl. Tundra, taiga og arktisk kyst med myrer, deltaer og et næringsrikt hav gjør området til et populært stoppested for trekkfuglene og et tilgjengelig, velegnet sted for menneskene å oppleve og fotografere fuglelivet.

Siden 2010 har Statens vegvesen samarbeidet med Biotope i Vardø om å legge til rette for fuglekikking på seks steder langs Nasjonal turistveg Varanger. For arkitektene og fuglekikkerne i Biotope er detaljerte kunnskaper om Varangers fugleliv nøkkelen til gode prosjekter. For Statens vegvesen har det vært avgjørende at de valgte stedene tilbyr gode naturopplevelser i ly for vær og vind til alle vegfarende.

Sammen med Steilneset minnested, Gornitak rasteplass og oppgraderingene på Mortensneset og ved Nesseby kirke, er vegen i Varanger blitt et sterkt medlem blant de 18 som inngår i attraksjonen Nasjonale turistveger.

De fem fuglekickerskjulene som hittil er bygd av Statens vegvesen finner man på Steilneset, Domen, Kiberg, Ekkerøya og Vestre Jakobselv. Det sjette som kommer i 2022 vil bli plassert utenfor bebyggelsen i det gamle fiskeværret Hamningberg. Her ute ved moloen kan det være svært værhardt, med lite beskyttelse mot naturkreftene fra det åpne Barentshavet. Fugleskjulet er derfor utformet med tre beskyttende nisjer, som gir ly mot vær og vind og byr på flott utsikt mot havet uansett fra hvilken retning det står på. Som for de andre skjulene er det også et grunnleggende prinsipp at terrenginngrepet skal være minst mulig. Bygget lages derfor et annet sted og heises på plass på enkle fundament.

Det overordnede målet med turistvegprogrammet er å styrke næringslivet i distriktene. Statens vegvesens arbeid med å utvikle Varanger som destinasjon for fuglekikking og vertskap for attraksjonen Nasjonale turistveger gir resultater, med Steilneset minnested som en helt unik attraksjon. En analyse fra Menon Economics i 2017 bekrefter at gjennomføringen av turistvegprosjektene har medvirket til «svært sterk» verdiskaping i regionen. Satsingen på «birding» langs Nasjonal turistveg Varanger bidrar til å gi næringsutviklingen vinger.



1. Domen, Varanger. Arkitekt: Biotope Architecture & Nature. Foto: Frid-Jorunn Stabell
2. Vestre Jakobselv, Varanger. Arkitekt: Biotope Architecture & Nature. Foto: Tormod Amundsen
3. Ekkerøya, Varanger. Arkitekt: Biotope Architecture & Nature. Foto: Tormod Amundsen
4. Kiberg, Varanger. Arkitekt: Biotope Architecture & Nature. Foto: Jarle Wæhler
5. Steilneset, Varanger. Arkitekt: Biotope Architecture & Nature. Foto: Tormod Amundsen



Nasjonale turistveger



Nasjonale turistveger er 18 utvalgte vegstrekninger som går gjennom landskap med unike naturkvaliteter, langs kyst og fjorder, fjell eller fosser. Strekningene skal være et godt alternativ til hovedvegene og kjøreturen i seg selv skal være en god opplevelse.



Rasteplasser og utsiktspunkt



GEITØYA



ELDHUSØYA



MYRSJØHOLMBRUA



HÅGA

Ofte stilte spørsmål

- Hva er Nasjonale turistveger? ▾
- Hvem er de viktigste finansielle bidragsyterne i prosjektet? ▾
- Hvordan er turistvegearbeidet organisert? ▾
- Når dukket ideen om å utvikle attraksjonen Nasjonale turistveger opp? ▾
- Hvordan ble turistvegutvalget valgt ut? ▾
- Hvordan foregikk utvelgelsen? ▾
- Hvilke kriterier lå til grunn? ▾



GPS, Ostasteidn:
59.414458, 6.116982



Tilgjengelig for rullestol.



Toaletta er åpne hele året.

Nye nasjonaleturistveger.no

Et tastetrykk på nasjonaleturistveger.no og skjermen viser en vakker vei langs en fjellside i sol med vidsyn over storhavet og horisonten. Vakre bilder og spennende fortellinger på tre språk i et lekkert og tilgjengelig design skal gi reiselyst og inspirere vegfarende turister til Norgesferie.


Nasjonaleturistveger.no fikk ny plattform med nytt design i november 2021. Målet har vært å tydeliggjøre attraksjonen Nasjonale turistveger med sin unike komposisjon av eksklusiv arkitektur og tankevekkende kunst i vakker norsk natur.

Nettsidene inneholder kortfattet informasjon om strekningene, utsiktspunktene, rasteplassene, arkitekturen og kunsten, illustrert med bilder og dynamiske kart. For informasjon om overnatting, spisesteder, aktiviteter, severdigheter og andre reiselivsorienterte fakta blir besøkeren henvist via linker til Visit Norway. I tillegg linkes det til oversikter over bobiltømmeanlegg og ladesteder for elbil.

Turistvegweben inneholder oppdaterte fakta om turistvegarbeidet i Statens vegvesen som organisering, faglig plattform, nyheter og opplysende dokumenter. I menyen inngår videre en oversikt over turistvegprosjekter som er under planlegging. Den reiselystne skal inspireres til å planlegge for framtidige opplevelser langs Nasjonale turistveger.

Bildearkivet til Nasjonaleturistveger.no inneholder nær 20 000 bilder fordelt på forskjellige tema. Strekningene sine installasjoner og arbeidet dokumenteres med bilder før og etter samt underveis i byggeprosessen.

Frå bildearkivet er over 10 000 bilder tilgjengelige og nedlastningsbare for publikum mot fotokreditering. Bildene benyttes i Statens vegvesens formidling av Nasjonale turistveger, reiselivsnæringen, utenrikstjenesten og arkitektene. Billedarkivet brukes flittig av både nasjonal og internasjonal presse i tillegg til nisjemedier for kunst og arkitektur.



Den politiske forankringa

Regjeringa si styringserklæring for 2021 - 2025, Hurdalsplattformen frå oktober 2021, stadfestar og vidarefører eit snart 30-årig utviklingsarbeid med Nasjonale turistvegar. Plattformen slår fast at reiselivet er ei framtidsnæring som skal bidra til å sikre verdiskaping og arbeidsplassar i heile landet. Regjeringa vil «Videreutvikle ordningen med nasjonale turistveier» og «Øke satsingen på nasjonale turistveier, sykkelruter og vandringsleder».

I 1993 si innstilling til Norsk veg- og vegtrafikkplan 1994 - 1997 ba samferdselskomiteen «departementet vurdere å ta initiativ til et nærmere samarbeid mellom reiselivsnæringen, bilorganisasjonene og vegmyndighetene med sikte på å finne fram til tjenlige måter å videreutvikle og markedsføre vegen som ledd i et reiselivsprodukt». Dette var starten til satsinga på Nasjonale turistvegar som sidan har vore omtalt i:

- 7 generasjonar stortingsmeldingar av typen Nasjonal transportplan
- 22 budsjettforslag for Samferdselsdepartementet
- Kommuneøkonomiproposisjonen for 2010
- Diverse nasjonale reiselivsdokument frå 2007 til 2021

Turistvegarbeidet er gjennomført i samsvar med Vegdirektøren sitt prosjektdirektiv frå 2004, som blei fornya med bestillinga «Nasjonale turistvegar. Utvikling, drift, vedlikehald og forvaltning» i 2019. Etter handsaminga av Kommuneoposisjonen i 2010 blei 72% av den samla turistveglengda på 2151 km fylkesvegar og dermed fylkeskommunane sitt ansvar.

Vegdirektøren si bestilling inneheld ansvarsdelinga mellom Vegdirektøren som eigar av attraksjonen Nasjonale turistvegar og dei respektive vegeigarane for riksvegar og fylkesvegar slik det blei klargjort i samtalar og møte mellom Statens vegvesen og fylkeskommunane i 2014. Denne ansvarsdelinga blei heimla i strekningsvise avtalar som blei signert av vegdirektøren, Statens vegvesen som riksvegeigar og vegadministrasjon og fylkesordførarar/fylkesrådmenn på vegne av fylkeskommunane.

Regjering og Storting har sørga for framveksten av turistattraksjonen Nasjonale turistvegar med øyremerka årlege budsjettløyvingar frå 2002 til 2022 (mill. kr. nominelt nivå). I 2009 blei Nasjonale turistvegar tilført 60 mill. kr. i ekstraordinære sysselsetjingsmidlar og i 2020 eit tillegg på 28 mill.kr. som følgje av koronasituasjonen.

I Nasjonal transportplan 2022 - 2033 er Nasjonale turistvegar omtalt under overskrifta «Gode bo- og arbeidsmarkedsregioner i hele landet». Her slår ein fast at reiselivsnæringa bidrar til at heile landet blir teke i bruk og legg opp til å følgja opp måla i Nasjonal transportplan 2018-2029 om at dei 18 utvalde turistvegstrekingane vil inngå i ein heilskapleg attraksjon frå 2024. Vidare tek ein sikte på at alle dei 222 tiltaka i turistvegsatsinga skal vera ferdigstilt i 2029. Både Samferdselsdepartementet og Stortinget sin transport- og kommunikasjonskomité framhevar betydninga av drift, vedlikehald, fornying og vidareutvikling. Neste generasjon Nasjonal transportplan vil omfatta perioden 2026 - 2037.

					2018	2019	2020	2021	2022
					180	170	160+28	170	180
			2014	2015	2016	2017			
			150	145	175	180			
		2010	2011	2012	2013				
		103	120	123	144				
	2006	2007	2008	2009					
	50	100	100	100+60					
2002	2003	2004	2005						
25	35	60	60						



Norsk veg- og vegtrafikkplan 1994-97

Startsignalet:

Innst. 232 S frå samferdselskomiteen til Norsk veg- og vegtrafikkplan 1994 - 1997

Nasjonale transportplanar

Meld. St. 20 (2020-2021) Nasjonal transportplan 2022 - 2033
St.meld.nr.33 Nasjonal transportplan 2018 - 2029
St.meld.nr.25 Nasjonal transportplan 2014 - 2023
St.meld.nr.16 Nasjonal transportplan 2010 - 2019
St.meld.nr.24 Nasjonal transportplan 2006 - 2015
St.meld.nr.46 Nasjonal transportplan 2002 - 2011
St.meld.nr.37 Norsk veg- og vegtrafikkplan 1998 - 2007

Budsjettproposisjonar (Samferdselsdepartementet)

St.prp.nr.1 for 2022	St.prp.nr.1 for 2011
St.prp.nr.1 for 2021	St.prp.nr.1 for 2010
St.prp.nr.1 for 2020	St.prp.nr.1 for 2009
St.prp.nr.1 for 2019	St.prp.nr.1 for 2008
St.prp.nr.1 for 2018	St.prp.nr.1 for 2007
St.prp.nr.1 for 2017	St.prp.nr.1 for 2006
St.prp.nr.1 for 2016	St.prp.nr.1 for 2005
St.prp.nr.1 for 2015	St.prp.nr.1 for 2004
St.prp.nr.1 for 2014	St.prp.nr.1 for 2003
St.prp.nr.1 for 2013	St.prp.nr.1 for 2002
St.prp.nr.1 for 2012	St.prp.nr.1 for 1999

Andre dokument

- Nasjonal reiselivsstrategi 2030 (Innovasjon Norge 2021)
- Strategi for kultur og reiseliv (KD og NFD 2019)
- St.meld. 19 (2016-2017) Nærings- og fiskeridepartementet: Opplev Norge - unikt og eventyrlig
- Regjeringens reiselivsstrategi 2012: Destinasjon Norge
- Regjeringens reiselivsstrategi 2007: Verdifulle opplevelser
- St.prp.nr.68 Kommuneproposisjonen 2010
- Hurdalsplattformen (Ap og Sp okt. 2021)



Økonomi og framdrift

Utviklinga av attraksjonen Nasjonale turistveggar starta opp i 1994 etter eit initiativ frå Stortinget om å sjå nærare på kombinasjonen veg og reiseliv. På bakgrunn av erfaringane frå eit prøveprosjekt ga Stortinget i 1998 Statens vegvesen klarsignal til å vidareføra arbeidet. Etter ein grundig prosess blei fjorten nye strekningar valde ut som framtidige Nasjonale turistveggar i tillegg til dei fire strekningane i prøveprosjektet.

I 2012 blei dei 18 strekningane med ei lengde på 1991 km skilta som Nasjonale turistveggar. Etter den tid er lengda auka til 2240 km som følgje av justering av Nasjonal turistveg Ryfylke, turistvegstatus på 12 avstikkarar og vedtaket om å forlenga Nasjonal turistveg Jæren.

I satsinga inngår ei gjennomgripande opprusting og kvalitetsheving av i alt ti særskilte attraksjonar langs turistvegane. Dei fleste av desse har gjennom mange år vore nytta som fyrstårn i marknadsføringa av det norske reiselivsproduktet til tross for stor slitasje, mangelfull tilrettelegging og dårleg tryggleik. Utviklinga av ikonpunkta Vøringsfossen og Gjende blir gjennomført slik at etappar blir tekne i bruk etter kvart som dei står ferdige.

Turistvegsatsinga er eit kontinuerleg utviklingsarbeid. For å kunna tilby ein så interessant attraksjon som mogeleg, blir det totale konseptet heile tida evaluert i høve til dei kvalitetane ein skal oppnå og justert i høve til mål og rammer i Nasjonal transportplan. Som følgje av endra strekningslengde og den store kostnadsutviklinga i 2021 og 2022 er det behov for ei lita heving av turistveggramma for å få gjennomført alle dei planlagde tiltaka i åra framover.

Seksårsperioden 2018 - 2023 inneheld ei portefølje med 46 nye tiltak, alt frå større prosjekt på Gjende, Vøringsfossen og Torghatten til fuglekikkarskul og små fotostopp. Fire av dei 46 vil først vera fullført i 2024. I 2018-2021 er det fullført 22 prosjekt. I vidareutviklinga av attraksjonen Nasjonale turistveggar inngår ytterlegare 35 prosjekt i åra 2025 - 2029. To av desse er tiltak for å få fullført ikonpunktet Vøringsfossen.

10 SÆRSKILTE ATTRAKSJONAR	NASJONAL TURISTVEG	FYLKE	FULLFØRT ÅR
Gudbrandsjuvet	Geiranger-Trollstigen	Møre og Romsdal	2010
Steilneset	Varanger	Finnmark	2011
Trollstigen	Geiranger-Trollstigen	Møre og Romsdal	2012
Steinsdalsfossen	Hardanger	Hordaland	2014
Eldhusøya	Atlantehavsvegen	Møre og Romsdal	2014
Allmannajuvet	Ryfylke	Rogaland	2016
Gjende	Valdresflye	Oppland	2023
Torghatten	Helgelandskysten	Nordland	2024
Vøringsfossen	Hardangervidda	Hordaland	2025
Låtefossen	Hardanger	Hordaland	2026

RESSURSINNSATS 1994 - 2023 OG RESSURSBEHOV 2024 - 2029 (MILL. 2022 KR)

	1994 - 2017	2018 - 2023	2024 - 2029	1994 - 2029 SUM
Nasjonale turistveggar	2770	1120	700	4590
Andre	350	130	50	530
Sum	3120	1250	750	5120

PLANLAGT FRAMDRIFT 1994 - 2023 - 2029


Strekning	Lengde (km)	NT-midlar 1994-2029 (mill. 2022 kr)	Investert til og med 2017 (mørkegrå) og 2023 (grønt) i prosent av 1994-2029	
			2017	2023
Rondane	75	121	50%	5%
Valdresflye	49	342	15%	75%
Jæren	130	114	15%	45%
Ryfylke	267	448	85%	5%
Hardangervidda	67	607	35%	55%
Hardanger	165	396	55%	25%
Aurlandsfjellet	47	114	55%	25%
Gaularfjellet	108	204	5%	15%
Sognefjellet	114	115	85%	10%
Gamle Strynefjellsvegen	27	94	50%	15%
Atlanterhavsvegen	36	217	85%	10%
Geiranger - Trollstigen	104	634	95%	0%
Helgelandskysten	434	367	5%	45%
Lofoten	230	223	55%	45%
Andøya	58	77	85%	5%
Senja	102	116	55%	25%
Havøysund	67	100	55%	35%
Varanger	160	303	55%	15%
2240	4592			

UTVIKLING AV INNHALDET PÅ TURISTVEGSTREKNINGANE

Type tiltak	Fullførte prosjekt ved utgangen av			
	2013	2017	2023	2029
Fullførte store attraksjonar	3	6	7	10
Rasteplassar/utsiktspunkt	79	89	114	141
Kunstverk i regi av NT	3	6	9	15
Tiltak ved bedrifter, opplevingar, tettstader og ferjeleie	36	43	52	54
Sum prosjekt	120	143	185	224

Fornyngar og vidareutvikling av gjennomførte tiltak kjem i tillegg og vil krevja stadig meir ressursar. Tap av turistvegkvalitet som følgje av andre utbyggingstiltak og andre forhold vil kunna føra til at etablerte tiltakspunkt må sanerast og at planlagde tiltak kan gå ut. Statistikken vil derfor kunna bli justert frå år til år. Fire av dei 46 tiltaka i porteføljen for 2018 - 2023 vil først stå ferdige i 2024. I summen av prosjekt inngår Gjende og Vøringsfossen med 7 prosjekt. Alle er sjølvstendige etappar som blir tekne i bruk etter kvart som dei står ferdige. I attraksjonen Steilneset er kunstverket eit viktig element.

TURISTVEGOMSETNINGA 2006 - 2013 OG 2014 - 2022 I MILL. KR (PRISNIVÅ 2022)



Midlar frå andre til og med 2013 (218 mill. kr i prisnivå 2022) er i stor grad knytt til attraksjonane Gudbrandsjuvet, Trollstigen, Steinsdalsfossen, Eldhusøya og Allmannajuvet. I dei ni åra 2014 - 2022 utgjer innsatsen frå andre 239 mill. kr. (prisnivå 2022). Dei største tilskotta er bidraga til attraksjonane Vøringsfossen og Gjende og til gjennomføring av Ostasteidn (Ryfylke), Skjervsfossen (Hardanger) og Flye 1389 (Valdresfylke).

TURISTVEGSATSINGA 1994 - 2017 - 2023 - 2029. FYLKESFORDELING (2022 KRONER)

Fylke	Lengde km	1994-2017 mill.kr	2018-2023 mill.kr	2024-2029 mill.kr.	1994-2029 mill.kr.
Innlandet	196	161	320	95	576
Rogaland	369	346	137	67	550
Buskerud	18	0	3	6	9
Vestland	469	567	549	305	1421
Møre og Romsdal	137	677	94	80	851
Nordland	722	371	233	63	667
Troms og Finnmark	329	300	127	91	518
Sum	2240	2422	1463	707	4592

Den relativt store satsinga i Møre og Romsdal heng saman med at dette fylket har 3 av dei 10 særskilte attraksjonane, deriblant Trollstigen. Vestland har også 3 særskilte attraksjonar med Vøringsfossen som den største. Dei siste fordeler seg på Innlandet, Rogaland, Nordland og Troms og Finnmark. Nordland er det fylket som har flest km turistveg.

NASJONALE TURISTVEGAR - STREKNINGAR OG LENGDER

Namn	Nasjonal turistveg	Lengde (km)
Rondane	Venabygdsfjellet - Enden - Folldal, Sollia kirke - Enden	75
Valdresflye	Garli - Hindsæter, med avstikkar til Gjende	49
Jæren	Bore - Ognå - Flekkefjord, med avstikkar til Sogndalstrand	130
Ryfylke	Oanes - Lovraeidet - Hårå med avstikkar til Sand	
	Lovraeidet - Sauda - Hordalia med veg til Ropeid	267
Hardanger	Granvin - Steinsdalsfossen og gamlevegen gjennom Skjervet	
	Norheimsund - Tørvikbygd, Jondal - Utne, Kinsarvik - Låtefoss	165
Hardangervidda	Eidfjord - Haugastøl	67
Aurlandsfjellet	Aurlandsvangen - Lærdalsøyri	47
Sognefjellet	Lom - Gaupne	108
Gaularfjellet	Balestrand - Eldalsosen - Moskog, Eldalsosen - Sande	114
Gamle Strynefjellsvegen	Grotli - Videsæter	27
Atlantehavsvegen	Kårvåg - Bud	36
Geiranger - Trollstigen	Langevatn - Sogge bru	104
Helgelandskysten sør	Holm - Godøystraumen, med avstikkar til Torghatten	434
Lofoten	Å - Raftsundet, med avstikkarar til Nusfjord, Vikten, Utakleiv, Unstad, Eggum og Henningsvær	230
Andøya	Bjørnskinn - Andenes	58
Senja	Gryllefjord - Botnhamn med avstikkar til Mefjordver og Husøya	102
Havøysund	Kokelv - Havøysund	67
Varanger	Varangerbotn - Hamningberg	160
Sum		2240

I 2021 blei det det vedteke at Jæren skulle forlengast frå Ognå til Flekkefjord med avstikkar til Sogndalstrand. Av den totale lengda på 2240 km er 613 km riksveg og 1627 km fylkesveg.

DISPONERING AV TURISTVEGMIDLANE

	2021	2022
Løyving	170,0	180,0
Overført frå forrige år	24,3	34,2
Mindreforbruk	-34,2	0,0
Til disposisjon	160,1	214,2
Sum fellesutgifter	20,6	19,1
- Turistvegseksjonen	17,7	15,5
- Rådgiving, kvalitetssikring, profilering	2,9	3,6
Sum tiltak på strekningane	139,5	195,1
- Planlegging og anlegg nye prosjekt	126,9	174,7
- Turistveginformasjon og utstyr	2,0	5,0
- Vedlikehold og fornying av eks. stopp	10,5	15,0
- Planbistand til andre aktørar	0,1	0,4

Fellesutgiftene utgjer 11-12 % av løyvinga. Fornyng av eksisterande stopp er ein post som er nødvendig for å halda oppe kvaliteten på turistattraksjonen Nasjonale turistvegar etter kvart som tida går og stadig fleire anlegg står ferdige og treng oppfølging.



Torghatten, Helgelandskysten. Fotomontasje: Landskapsarkitekt Østengen & Bergo AS

Plansituasjonen 2022 - 2027

Plansituasjon og føresett anleggsperiode for planlagde turistvegprosjekt i perioden 2022 - 2027 går fram av tabellen nedanfor. Dei 23 tiltak i åra 2022 - 2024 skal sørgja for at Nasjonale turistvegar står fram som ein heilskapleg turistattraksjon innan 2024. Dei 22 prosjekta i åra 2025 - 2027 skal bidra til at dei 18 strekningane blir fullført innan 2029 i tråd med målet i Nasjonal transportplan 2022 - 2033.

Streking	Stad	Innhold	Planstatus Mars 2022	Byggeår	
				2022-24	25-27
Varanger	Hamingberg molo Hamningberg Ekkerøya Sandsfjorden	Fuglekikkarskjul Wc/rast Rast/wc Parkering/fotopunkt	Konkurransen Forprosjekt Ikkje starta Ikkje starta		
Havøysund	Vekselvik Skipsbukta	Rast Rast	Ikkje starta Ikkje starta		
Senja	Gryllefjord Ikkje bestemt	Wc/rast Rast/kunst	Ikkje starta Ikkje starta		
Lofoten	Hauklandstranda Brunstranda	Kafe/parkering Rast/wc	Byggeplan Anlegg		
Helgelandskysten	Sundshopen Trælvikosen Torghatten Sjonfjellet Knøskholmen	Rast/wc Rast/stegasteinar Parkering/service/sti Rast/wc Rast	Anlegg Anlegg Byggeplan Byggeplan Ikkje starta		
Atlantehavsvegen	Skarvøya	Rast/wc	Ikkje starta		
Geiranger-Trollstigen	Eidsvatnet	Rast/wc	Ikkje starta		
Gamle Strynefjellsveg	Jøl bru	Gangbru/parkering	Byggeplan/skisse		
Gaularfjellet	Fjordpunkt Vallestadfossen	Rast Rast/sti	Ikkje starta Ikkje starta		
Aurlandsfjellet	Sluppen Røyernes	Rast/sti Rast/wc	Byggeplan Forprosjekt		
Hardanger	Espeneset Tyrvefjora Låtefoss Ikkje bestemt	Rast/wc Wc Utsikt/parkering/wc Kunst	Anlegg Anlegg Skisse Ikkje starta		
Hardangervidda	Vardestopp Ørteren/Veahovda Vøringsfossen Fase 3 Fase 4 Vøringsfossen vest Måbø bru Måbø gard Ikkje bestemt	Rast Rast Utsikt, sti/wc/parkering Kiosk/kafe Utsiktspunkt Rast/fotopunkt Rast/wc Kunst	Skisse Skisse Anlegg/Byggeplan Skisse Ikkje starta Byggeplan Skisse Ikkje starta		
Ryfylke	Hylsskaret Ikkje bestemt Flesefossen	Rast/sti Kunst Rast/wc	Skisse Ikkje starta Anlegg		
Jæren	Madland hamn Ogna Stapnes Jøssingfjorden	Rast/wc Rast/kunst Rast/wc Rast/wc	Anlegg Avtale kunstnar Ikkje starta Ikkje starta		
Valdresflye	Gjende Fase 2 Sjodalsvatnet	Servicebygg/kafe Rasteplass	Avtale entreprenør Skisse		
Rondane	Kjøllen Muen	Utsikt/kunst Rast/parkering/wc	Byggeplan Skisse		

Turistvegane - fleire enn dei 18?

A utvikla «Scenic roads in Norway» starta med dei fire prøveprosjekta i Reiselivsprosjektet, nøye plukka ut etter ei stor samling i Bergen der politikarar og folk frå næringslivet, fylkeskommunane og Statens vegvesen rynka panna, diskuterte og prioriterte. Prøvestrekningane over Sognefjellet, i Hardanger, langs Helgelandskysten og Strynefjellet fekk status som Nasjonale turistveggar då prøveprosjektet blei avslutta i 1997.

Erfaringane blei summert opp, og på nasjonalt politisk nivå var ein einige om at dette var ein idé som skulle vidareførast. I 1999 blei det sendt brev frå Statens vegvesen der ein inviterte alle kommunane, fylkeskommunane og reiselivsorganisasjonane i landet til å komma med forslag til nye strekningar. Svaret var mangfaldig: 54 forslag med lengde frå 8 til 900 km med ulik argumentasjon for kvifor nettopp denne. Og for å vera «på den sikre sida» blei det også sett nærmare på ei rekke andre vegar i forskjellig natur.

Strekningane blei undersøkt i tur og orden, av Statens vegvesen si turistveggruppe, ei rådgivande gruppe med brei fagbakgrunn og eit kvalitetsråd av nasjonale aktørar og offentlege organ med reiseliv som viktig interessefelt. Målet var å skapa ein nasjonal attraksjon som skal freista vegfarande turistar til å nytta Noreg som sitt feriemål. Dei grunnleggjande attraksjonskrava var at vegen skal gå gjennom landskap med unike naturkvalitetar og sjølve køyreturen må vera ei god oppleving. Vegane skal ikkje ha overordna transportfunksjon, området langs turistvegen bør ikkje vera sårbart for auka ferdsel og strekningane skal ha avgrensa lengde. Resultatet blei atten nøye utvalde strekningar. Disse er etter kvart tilført tilrettelagte stopp kjenneteikna med nyskapande arkitektur og tankevekkande kunst. Reiselysten kom og verdiskapinga skjer.

I 2021 blei det vedteke at Nasjonal turistveg Jæren skal forlengast sørover frå Ognå til Flekkefjord. Samtidig er ønska om å bli veg nummer 19 stadig fleire. Nokre av forslaga er vurdert i høve til dei strenge attraksjonskrava som gjeld for Nasjonale turistveggar. Samtidig er ei eventuell utviding eit transportplanspørsmål.

Nasjonale turistveggar blei hausten 2021 følgt opp i Hurdalsplattforma der Regjeringa vil vidareutvikla ordninga med Nasjonale turistveggar og auka satsinga på Nasjonale turistveggar, sykkelruter og vandringsleder. Det neste høvet til å ta opp spørsmålet om ei gjennomtenkt utviding av attraksjonen Nasjonale turistveggar er Nasjonal transportplan 2026 - 2037. Turistvegforumet med sine representantar for norsk reiseliv vil gi avgjerande råd i denne typen spørsmål.

Eksempel på ønske om å bli nr. 19

Nokre forslag per brev eller møte:

- Røros - Aursunden - Stuggudal
- Tromsø - Brensholmen - Kvaløya
- Peer Gynt vegen
- Samelandsvegen og Grenselandsvegen
- Lyngen
- Rjukan - Gaustatoppen - Tuddal
- Haukelivegen (gamlevegen)
- Kvænangsfjellet (etter omlegging E6)
- Tyin - Årdal
- Romsdalen
- Heile eller deler av RV 9 gjennom Setesdal

Nokre forslag frå medieomtale:

- Eidet - Hovden og Nyksundvegen
- Gravbergveien
- Astruptunet
- Hitra - Frøya
- Hjørundfjorden
- Hvaler
- Stalheimskleiva
- Stordalen
- Telemarkvegen
- Tydal
- Vikafjellet når tunnelen er bygt

Kunst langs Nasjonale turistveger

Kunst var ett av virkemidlene en snuste på for å gi bilturistene gode opplevelser, da arbeidet med Nasjonale turistveger startet i begynnelsen av 1990-tallet. Da det ble vedtatt at kunst skal være en del av utviklingen av Nasjonale turistveger var det nødvendig å gå noen runder for å finne en måte å nærme seg dette på. Det ble klart at kunsten skal være en åpning inn til rom som ikke er kjent fra før. Og, skal landskapet være en arena for noe som like gjerne kan vises i et gallerirom og museum? Både ja og nei.

Landskapet er en forutsetning og grunnlaget for den kunsten Nasjonale turistveger realiserer. Tilnæringsprosessen endte opp med å finne karaktertrekk ved de forskjellige vegstrekningene. Landbruk på Jæren, kulturhistorie langs Varangervegen, lys, transparens og farge i Havøysund, kommunikasjon på Atlanterhavsvegen og ledetråder i landskapet på Valdresflya. Disse temaene var mer første steg i prosessen enn et bundet tema som måtte følges. Det var ledetråder for å finne de rette kunstnerne som kunne skape kunst i et meningsfylt forhold til landskapet turistvegen går gjennom.

Det var nødvendig å finne ut hvordan kunsten skulle kunne gjøre landskapsopplevelsen til noe mer enn vakkert og storslagent, mer enn en sokkel der man kan sette kunst, problematisere landskapet og åpne nye rom i forståelsen av landskapet sett i lyset av vår tid. Prosessen ledet til et ønske om å skape en situasjon der kunsten kan være med på å lage et forhold mellom betrakter, reiseopplevelsen, arkitektur, spesielle forhold på stedet og tiden vi lever i.


Erfaringene fra de første kunstprosjektene er mange. Blant annet hvordan vi skal velge kunstnere. Og i hvilken grad vi skal blande oss opp i den kreative prosessen. Kunstnere jobber ofte alene. Det er fort gjort at kunsten smuldrer opp dersom man griper inn og gjør forsøk på å korrigere på annen måte enn det rent praktiske. Og det har skjedd. Men det har óg vært nødvendig å stoppe prosjekter som har sett spennende ut på papiret, men vist seg å være urealiserbare, økonomisk eller praktisk. Videre har det vært viktig at kunstnerne kan stå fritt til temaene. Noen ganger utvidet temaet seg, andre ganger endret det seg helt og andre ganger har det bare forsvunnet i prosessen, og vi som oppdragsgivere har fått spennende overraskelser.



Foto: Harald-Christian Eiken

Å kunne være åpne for kunstnerens ideer er svært viktig. Oppdragsgiver må balansere egen erfaring, nysgjerrighet og fleksibilitet og kunne anerkjenne en spennende utvikling som fører til at kunstverket koster mer enn planlagt. Men samtidig kunne vise en fasthet når kunsten ikke utvikler seg på samme måte som budsjettet og det er nødvendig å stoppe prosjekter. En slik fleksibilitet har vært forutsetningen for at de første kunstverkene er blitt det de er i dag.

Svein Rønning
Billedkunstner og kurator



HAVØYSUND

VARANGER

SENJA

ANDØYA

LOFOTEN

HELGELANDS-
KYSTEN

ATLANTERHAVS-
VEGEN

GEIRANGER-
TROLLSTIGEN

GAMLE STRYNEFJELLS-
VEGEN

GAULAR-
FJELLET

AURLANDSFJELLET

HARDANGER

RYFYLKE

JÆREN

RONDANE

SOGNEFJELLET

VALDRESFLYE

HARDANGERVIDDA



Nasjonale turistveger
Norwegian Scenic Routes

Gratisk design: Hilde M. Strangstadstuen, Oppdrag: 600



Statens vegvesen